

Ønskjer du ein spennande og lærerik arbeidsplass i Europas største pukkverk? Då er du velkommen til å søkje stilling i vår bedrift.

FORMANN i laboratorieavdelinga

Laboratoriet gjennomfører kontroll av produktkvaliteten på Norsk Stein.

Avdelinga har ansvar for:

- Prøvetaking ute i ferdigvareområde og prosessanlegga.
- Analyse av produksjons- og salsprodukt.
- Høgt sikkerheitsnivå og kvalitet på det utførande arbeidet
- Bidra til å redusere kostnader
- Bidra til eit godt samarbeid i avdelinga og med andre avdelingar

Stillinga rapporterer til Avdelingsleiar Laboratoriet.

Arbeidsoppgåver:

- Ansvarleg leiar for medarbeidarane, sette i verk og følge opp arbeid
- Registrering og analyse av prøveresultat
- Sjå til at nødvendige prosedyrar og rutinar vert følgt
- Ivareta helse, miljø og sikkerheit, det skal vera ein naturleg del av arbeidet
- Delta i forbetningsaktivitetar

Me ønskjer deg som har erfaring frå tilsvarende arbeidsoppgåver frå industri- eller produksjonsbedrifter med:

- Relevant fagbrev
- Teknisk fagskule (eller tilsvarende)
- God fagkompetanse
- Førarkort kl. B

Personlege eigenskaper:

- Gode leiareigenskapar
- Gode samarbeidsevner og mellommenneskelige eigenskapar, bidra til å skape eit godt fagleg miljø
- Gode kommunikasjonsevner på norsk, både munnleg og skriftlig
- Gode haldningar, gå framføre som eit godt eksempel
- Strukturert og ryddig
- Arbeidssam og engasjert
- Effektiv og løysingsorientert
- Kvalitetsbevisst og resultatorientert
- Har erfaring frå laboratorie- eller bergverksarbeid.
- Har gode datakunnskapar
- Har førarkort kl. B

Opplæring vil bli gitt til motiverte søkjarar som ikkje oppfyller krav til kompetanse og erfaring.

Arbeidstida er dagtid.

Me tilbyr:

- Hyggelege medarbeidarar i eit triveleg og godt fagleg arbeidsmiljø
- Gode muligheter til fagleg og personleg utvikling.
- Gode og trygge arbeidsforhold
- Gode pensjons- og forsikringsordningar
- AFP bedrift.

Me ønskjer mangfald blant våre tilsette og ønskjer søkjarar uavhengig av kulturell bakgrunn, kjønn og alder.



Norsk Stein AS avd. Jelsa har Europas største anlegg for produksjon av tilslag til asfalt og betong, vegbygging og offshorekonstruksjonar. Me er lokalisert i Suldal kommune, er 183 tilsette og 11 lærlingar og har ein årsproduksjon på over 11 mill. tonn. Sjå: <http://www.mibau-stema.com>

Interesserte kan ta kontakt med avdelingsleiar for laboratoriet, Frank A. Hondsmærk eller formann Marta Øvstebø, tlf. 52 79 29 00.

Søknad med CV innan 18.01.19 til:

Norsk Stein AS
v/Personalavdelinga
Jelsavegen 512
4234 Jelsa
Eller på e-post:
post@norsk-stein.no

